

Utgreiing for fastsetjing av kommunegrense mellom Øystre Slidre og Vang kommunar

UTKAST – førebels utgåve til høyring

Innhold

Utgreiing for fastsetjing av kommunegrense mellom Øystre Slidre og Vang kommunar	1
Grensefastsetjing mellom Vang og Øystre Slidre	1
1. Bakgrunn	1
2. Kort om området saka gjeld.....	1
3. Historikken i saka.....	2
4. Innspel frå Kartverket, Øystre Slidre kommune og Vang kommune	5
4.1 Øystre Slidre kommune.....	5
4.2 Vang kommune.....	6
4.3 Kartverket.....	6
5. Initiativrett, inndelingslova § 8	7
6. Statsforvaltarens vurdering av saka etter inndelingslova § 7	7
7. Moment i vurderinga for fastsetjing av grensa, saksutgreiing etter inndelingslova § 9	8
7.1 Eldre kart med kommunegrenser	8
7.2 Den vanlege oppfatninga blant innbyggjarane.....	9
7.3 Private eigedomsgrenser og rettsavgjerder om slike	9
7.4 Bruksrettar	9
7.5 Kommunal økonomiske tilhøve.....	10
8. Samla vurdering.....	10
9. Konklusjon.....	10


Grensefastsetjing mellom Vang og Øystre Slidre

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Innlandet fekk 5. mai 2021 brev frå Øystre Slidre der kommunen ber om at grensa mellom Vang og Øystre Slidre kommunar ved Sluptjedne/Lykkja blir retta opp i matrikkelen. Etter kontakt med Kartverket og Vang kommune om saka, vurderer Statsforvaltaren at det her er snakk om ei uklar og omstridt grense og at det er naudsynt å fastsetje kommunegrensa i dette området.

2. Kort om området saka gjeld

Saka gjeld ei strekkje av kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang på 1,5 – 2,0 km. Området ligg vest for Beitostølen i Øystre Slidre og nordaust for Slettefjellet i Vang. Kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang startar i innsjøen Øyangen sør-aust for den omstridde strekninga og følgjer på kartet elva Rauddøla for det aktuelle området.




Figur 1 Kart over kommunane og det aktuelle området

Området saka gjeld, er to teigar som tilhørar to gardar i Øystre Slidre kommune. Til saman er dei to teigane på 632 dekar. Det er ikkje ueinigheit om eigarskapen til desse to teigane. Eigedomsgrenser, eigarar og rettar er avklara i jordskiftesaker.

I matrikkelen ligg teigane i Vang kommune, men eigedommene manglar matrikkelnummer. Kommunegrensa er koda som omtvista. I den første utgivinga av Økonomisk kartverk er det

påført gards- og bruksnummer for dei aktuelle teigane. Teigane høyrer til grunneigedom 1/3 og 1/4. Kartverket har oppmoda kommunane til å samarbeide om å få teigane matrikulert med rett matrikkelnummer. Tvisen om kommunegrensa ser ut til å hindre kommunane i å føre matrikkelen. Den gule merkinga på kartet i Figur 2 viser området for dei aktuelle teigane, og den svarte linja viser kommunegrense slik den er ført i dagens felles kartdatabase (FKB).



Figur 2 Kommunegrense og dei aktuelle teigane

Området består av uproduktiv skog, open jorddekt fastmark, myr og vann. Det er kraftinntekter frå elva der grensa no ligg i kartet. Kraftinntektene frå Rauddøla går til sameiga på kvar si side av midtlinia

av Rauddøla forbi av dei aktuelle teigane. Kvar kommune, samt fylke får naturressursskatt frå produksjonen. Delinga av inntekter tek utgangspunkt i grensa som ligg i matrikkelen forbi dei aktuelle teigane.

3. Historikken i saka

Nedanfor følgjer ei gjennomgang av historikken i saka. Informasjonen er i hovudsak basert på opplysningar Kartverket (dåverande Norges Geografiske Oppmåling, NGO) utarbeida i samband med ei kartlegging i 1977/1978.

I ein kongeleg resolusjon av 19. desember 1881 blei gardane Lykkja og Skredbergene overført frå Vang kommune til Øystre Slidre kommune. I etterkant av overføringa var det diskusjon om

kva som var den korrekte kommunegrensa. I april 1889 påviste grunneigarane grenselinja for området. Denne grenseoppteikninga blei gitt til NGO (dagens Kartverket). Denne grenselinja var grunnlag for grensa i Kartverket sitt Rektangelkart utgitt i 1891 og på seinare utgåver av Kartverket sitt Amtskart i 1917. Kommunegrensa går her vest for elva Rauddøla slik at dei to teigane fell innanfor Øystre Slidre kommune.



Figur 3 Rektangelkart av 1891

I 1890-1892 laga NGO topografiske skildringar av grensa mellom dei to kommunane. Skildringa blei laga på bakgrunn av eksisterande kart. Kommunegrensa er skildra slik forbi den aktuelle strekningen: «...og går til Kalvedalselven, noget nordenfor Skørlitjernene, følger denne elv til dens udløp i Raudøla, derpaa denne til nordvest for Stuuptjern (i Øystre Slidre), bøier søndenom det og i nordøst til Tverraaens foreining med Raudøla, gaar videre langs denne ud i Øyangen.» Skildringa av grensa blei sendt kommunane for gjennomgang og moglege korreksjonar. Øystre Slidre godkjende grensa for det aktuelle området i 1900. Vang godkjende grensa for det aktuelle området i 1903.

Etter Amtskartet frå 1917, er det ei lang periode kor kommunegrensa ikkje er teikna inn på Kartverket sine kart. I Kartverket sitt Gradteigskart E31 frå 1936 er heile grensestrekninga mellom Vang og Øystre Slidre frå Vestre Slidre og opp til Bitihorn/Båtskardberget omtalt som omstridd grense og er ikkje teikna inn. Det betyr at grensa for dei aktuelle teigane ikkje går fram av karta frå Kartverket. Dette gjeld også for Jotunheimen Landgeneralkart frå 1951, kart E31 for Aust Slidre frå 1954 og Jotunheimen Landgeneralkart frå 1960. Det er skreve i Landgeneralkarta at «omstridde grenser er ikkje avlagde på kartet».



Figur 4 Jotunheimen Landgeneralkart 1951

Høyfjellskommisjonen var ein særdomstol med virke frå 1908-1953. Kommisjonen fastsette statsallmenningar og kom i tillegg med forslag til inndelingsgrenser. I kommisjonens rettsavgjerd for det 14. felt øst av 2. september 1937 er kommunegrensa mellom Vang og Øystre Slidre nøy skildra. Frå punktet i innsjøen Øyangen «hvor Vestre og Østre Slidre samt Vang støter saman» går grensa «i rett linje til Raudølas utløp i Øiangen, følger så Raudøla til Tverråens utløp i denne, hvor den gjør en bøining vestom Slupptjernene, følger så Raudøla til Kalvedalsbekkens utløp i denne.


Lagdommar Per Anker fremmer i si utgreiing frå 10. mai 1954 eit forslag til grenselinje. Grenselinja er i samsvar med Høyfjellskommisjonens grenseforslag. Her er grensa skildra ved at ho forlèt elva Rauddøla og går sørøm og vestom Slupptjønnene og deretter tilbake til Rauddøla. Det kjem fram av utredninga at kommunegrensa mellom Vang og Øystre Slidre må være klar og uomtvista frå Øyangen i sør til Bygdin, nord for det aktuelle området. Lagdommaren skriv òg at grensa i området bygger på ein gammal innteikning som ein ikkje kan venta at samsvarar med dei nøyaktige eigedomsgrensene.

I Økonomisk kartverk følgjer kommunegrensa elva Rauddøla ved det aktuelle området. Det vil seie at dei to teigane er plassert i Vang i kommune. Den første utgåva av Økonomisk kartverk er ajourført i 1978 for dette området. Ved spørsmål om bakgrunn for at grensa går her, viser Kartverket til ein synfaringsrapport frå 1978 og ei grenseutredning som Kartverket utarbeida i samband med ei nykartlegging i 1977/1978. Desse dokumenta viser til at grensa skal vere i tråd med grenseforslaget frå lagdommar Per Anker. Kartverket skriv i e-post til Øystre Slidre i 2004 at det har vore mykje fram og tilbake med den aktuelle grensa, men at det ikkje er noko som tilseier at den kongelege resolusjonen er oppheva. Kartverket har ikkje synleggjort noko skildring av eller rettsleg grunnlag for ei kommunegrensa som følgjer elva.

Det var på eit tidspunkt teknisk naudsynt for Kartverket å lukke kommunepolygonane i digitale kart. I tvistesaker valte Kartverket då ei av grensene og merka ho som tvistegrense. Den aktuelle grensa blei koda som omtvista av Kartverket i 2006. Kartverket understreka då at registreringa ikkje tek stilling til kvar kommunegrensa går og endrar ikkje status for denne. Kartverket ber då kommunane ta opp saka med fylkesmannen for å få fastsett grensa.

Etter dette ble saken liggjande fram til 2016, då Kartverket tar initiativ til at saken skal sendast til Fylkesmannen i Oppland for fastsetjing av grensa. Dette blei då ikkje fullført. I 2021 skriv Øystre

Slidre på nytt til Kartverket for å få be om grunnlag av endringa av kommunegrensa som låg i kart frå 1981. Kartverket viste til at dei ikkje har vedtaksmynne for å fastsetje kommunegrenser og at det er Statsforvaltaren som må handsama saka etter inndelingslova. Deretter fekk Statsforvaltaren brev frå Øystre Slidre om å rette opp grensa.



Figur 5 Tidslinje hovudpunktene for karthistorikken

4. Innspel frå Kartverket, Øystre Slidre kommune og Vang kommune

Dei to kommunane har kvart sitt syn på om overføring av eiendom frå Vang til Øystre Slidre i 1881 omfatta dei to aktuelle teigane. Øystre Slidre meiner at desse teigane var omfatta, mens Vang meiner at dette ikkje er klart. Både Øystre Slidre kommune og Vang kommune hevdar begge at tvisteområdet hører til sin kommune. Kommunane har vist til ulik dokumentasjon, kartgrunnlag og ein har ulike påstandar om kvar kommunegrensa går. Kartverket har hatt saka til handsaming i fleire rundar, i 2004, 2006–2007 og 2016. Kartverket viser til at dei to kommunane er ueinige om kvar kommunegrensa faktisk går. Nedanfor følgjer ein samanfatning av dokumentasjonen i saka frå dei to kommunane og frå Kartverket.

4.1 Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre skriv i brevet til Statsforvaltaren av 5. mai 2021 at kommunegrensa som ligg i Digitalt Eiendomskart, der dei to teigane er registrert i Vang kommune, er feil, og Øystre Slidre ber om at kommune grensa blir retta opp.

Øystre Slidre viser til at gardane i Skrebergene og Lykkja blei ført over frå Vang kommune til Øystre Slidre kommune ved kongeleg resolusjon i 1881. Øystre Slidre viser til at skildringa i dokument frå tida etter resolusjonen av at grensa tek ein sving sør og vest for elva Rauddøla, stemmer med den kommunegrensa som blei avsett på kart frå NGO i 1891. Øystre Slidre meiner at bakgrunnen for at kommunegrensa opphaveleg tok denne svingen rundt vatnet Sluptjedne, er at dei to gardane som har kvar sin teig her fekk alle teigane til eiendomen i same kommune. Øystre Slidre meiner at det ikkje har vore tvil om grensene eller eigarskapen til desse to teigane. Øystre Slidre viser òg til at eigarane av teigane meiner at desse eiendomane alltid har tilhøyra

Øystre Slidre, og dei ønskjer ikkje å ha eigedom i to kommunar når det tilsynelatande er eit resultat frå feil i kartarbeidet.

Øystre Slidre har gitt ei oversikt over historiske kart for det aktuelle området i tråd med det som er skildra under historikken til saka over. Kommunen har spurt Kartverket om grunnlaget for at grensa i dagens kart følgjer elva for dette området.

4.2 Vang kommune

Statsforvaltaren bad i september 2021 om å få Vang kommune si vurdering av saka. I sitt svar sendt 3.11.2021 skriv Vang at kommunen ikkje er einig i at grensa går slik Øystre Slidre hevdar. Vang si oppfatning er at kommunegrensa for det aktuelle området i hovudsak er slik matrikkelen viser.

Vang viser til Kartverket har uttalt at kjeldegrunnlaget for grenser på gamle Gradteigskart og Amtskart er variert, dels tilfeldig og ikkje dokumentert. Partsmedverkinga ved Økonomisk Kartverk er generelt meir omfattande, om enn ikkje utan manglar. Vang viser òg til andre kjelder som bør leggjast til grunn for vurderinga av kvar den eigentlege grensa går.

Når det gjeld grenseskildringa etter den kongelege resolusjonen av 1881 påpeiker Vang at omtala av grensa ikkje er eintydig og at ingen av kartvedleggja som følgjer saka samsvarar med dagens grenser for to teigane. Vang meiner det ikkje er klart om «Stuptjern», brukt i kongeleg resolusjon, er identisk med «Slurpande» på dagens kart, eller om dette berre omfattar det nordre vatnet.

Vang meiner at dette bør vurderast av Statsforvaltaren. Vang viser til forsøk på å overføre grensene frå Gradteigskartet og Amtskartet til dagens kart, og meiner dette viser uklarheit i kvar grensa går i dei gamle karta.

Vang viser òg til at det er ei rekke dokument frå 1700-talet og fram til i dag som omhandlar partar, grenser og rettar på denne strekninga som kan gje ulik tolking av kommunegrensa. Arealet for dei to teigane har kome frå gardar i Vang og har tilsvarande vore gjenstand for dei same tvistane. Ein omfattande jordskiftesak frå 1950 – talet med fleire, er av dei dokument Statsforvaltaren må gå inn i før dei eventuelt fremmar endring om anna kommunegrense enn midtlinja av Rauddøla på aktuell strekning.

Vang støtter at eigedomsgrenser, eigalar og rettar er avklara i jordskiftesaker, og understrekar at kommunen og partane held seg til dette.

Vang viser òg til at kraftinntektene frå Rauddøla går til sameiga på kvar si side av midtlinja av Rauddøla forbi dei aktuelle teigane. Kvar kommune får naturressursskatt frå produksjonen. Dette vil ha konsekvens for Vang kommune dersom grensa blir fastsett slik at den går vestom Rauddøla for deler av områder.

4.3 Kartverket

Kartverket har hatt saka til handsaming fleire gonger dei siste 20 åra. Kartverket har i si handsaming av denne saka ikkje tatt stilling til kva for ei grense som er rettsleg gjeldande. Kartverket har oppmoda kommunane til å samarbeide om å få området rett matrikulert. Kartverket har då presisert at matrikkelføringa må gjerast slik kommunegrensa no ligg i FBK, det vil seie at teigane ligg til Vang kommune.

Kartverket har mellom anna svara på spørsmål frå kommunane om kvaliteten på dei ulike karta og om kva som ligg til grunn for kommunegrensene i karta. Kartverket svarar generelt at dei eldste karta blei til gjennom synfaring i marka, og det kunne vere litt tilfeldig kven synfararen

møtte. Det var inga prøving av grensene, første versjon vart akseptert og brukt. Det var vanleg å kontakte personar med mynde, til dømes lensmann eller prest. Det hendte også at grensekjentmenn vart oppnemnt av kommunen. Viss det var tvil om grensene var teikna riktig, kunne skisser bli sendt til kommunane, grunneigarar eller andre med mynde for høyring før karta blei trykte.

Kartverket bekreftar at dersom ei grense ikkje er teikna inn i dei eldre karta, då har ikkje kartografen hatt gode nok kjelder for å teikne grensa, eller det har vore grensetvist og uråd å få partane til å bli einige. Usemje om både eigedomsgrenser og kommunegrensa kan vere grunnen at kommunegrensa for dette området ikkje er teikna inn i karta etter 1917 og fram til dei låg inne igjen i Økonomisk kartverk.

Økonomisk kartverk skal tene både tekniske, økonomiske og administrative føremål. Føremålet med Økonomisk kartverk var å få eit eigedomskartverk for heile landet. Etter etablering av økonomisk kartverk vart det rekna som den mest nøyaktige kjelda for administrative grenser, og ofte brukt som manus ved kartrevisjon. Økonomisk kartverk har nytta dei eigedomsgrensene som vart signalert, men dei vart ikkje prøvd. Kartverket har opplyst om at det er fleire døme på grenser som ikkje stemmer i økonomisk kartverk.

5. Initiativrett, inndelingslova § 8

Inndelingslova gir innbyggjarar og grunneigarar, næringsdrivande med sin registrerte forretningsstad og kommunestyre i dei kommunane saka gjeld, rett til å fremme søknad om å greie ut ei grensejustering eller grensefastsetjing.

Initiativet er sendt frå Øystre Slidre kommune. Det er ikkje kommunestyret som har bedt om ei grensefastsetjing slik det er presisert i lova. Statsforvaltaren kan samtidig på eige initiativ utgreie spørsmål om grensefastsetjing, § 8 tredje ledd. Statsforvaltaren vurderer at alle partar har nytte av at saka no får ei avklaring. Vi har difor på eige initiativ valt å greie ut saken for å få fastsett grensa. Kommunane får utgreiinga til høyring og kan uttale seg om saka og Statsforvaltarens forslag til konklusjon.

6. Statsforvaltarens vurdering av saka etter inndelingslova § 7

I saker om grensefastsetjing er føremålet å få avgjort kvar ei grense reint faktisk går. Statsforvaltaren har mynde til å treffe vedtak i saker om fastsetjing av grenser mellom kommunar. I dei sakane der Statsforvaltaren har myndighet til å fatte vedtak, kan også Statsforvaltaren avgjere om det skal setjast i gang ei utgreiing. Statsforvaltaren avgjer utredningsspørsmålet ut frå ei skjønnsmessig vurdering av dei konkrete opplysningane i saka.

Grensefastsetjing etter inndelingslova § 7 er aktuelt i tre tilfelle; "*uklare, omstridde eller tidlegare ikkje fastsette grenser*".

Denne saka tek utgangspunkt i ein kongeleg resolusjon frå 1881. Statsforvaltaren vurderer det slik at resolusjonen ikkje gir eit eintydig svar på om dei aktuelle teigane vart definert som ein del av grensejusteringsområdet eller ikkje. Dei gamle karta som blei gitt ut i etterkant av resolusjonen har ikkje ei kommunegrense som samsvarar med dagens avklarte eigedomsgrenser.

I Kartverkets kart for området var ikkje kommunegrensa teikna inn for en lang periode. Kartverket har svart at det kan vere fordi kartografen ikkje har hatt gode nok kjelder for å teikne grensa, eller det har vore grensetvist og uråd å få partane til å bli einige. Vi viser og til at Kartverket har hatt saka om denne kommunegrensa til sakshandsaming i fleire omganger utan at

kommunane har komme til einigheit om kvar grensa går. Kartverket held seg til Økonomisk kartverk som den gjeldande grensa for området, men Kartverket har ikkje rettsleg kompetanse til å ta stilling til grensa.

Vi meiner at desse momenta viser at det i lengre tid har vært uklarheit om kommunegrensa i området. Vi hevder derfor at grensa er omstridt og oppfyller dermed vilkåret for grensefastsetjing etter inndelingslova § 7 om at grensa er "uklar" eller "omstridd".

7. Moment i vurderinga for fastsetjing av grensa, saksutgreiing etter inndelingslova § 9

Grensefastsetjing av uklare eller omstridde grenser inneber etter § 7 et vedtak om at kommunegrensa blir fastsett der grensa faktisk går og ikkje kvar han bør gå. Det går fram av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at for fastsetjingssaker vil det vere mest aktuelt å innhenta opplysningar om eldre kart, soknegrenser, den vanlege oppfatninga blant folk på staden, private eide domsgrenser og rettsavgjerder om slike og bruksrettar. Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensefastsetjingssak. Avgjerda i den enskilde sak må skje på grunnlag av ei skjønnsmessig heilsakspurdering.

Statsforvaltaren har lagt til grunn den dokumentasjonen som ligg i innspela frå kommunane i saka, inkludert Kartverket si handsaming av saka og informasjon som er gitt i Kartverket sin dialog med kommunane. Nedanfor omtaler vi kort dei enkelte momenta vi har vurdert og til slutt ei samla vurdering.

7.1 Eldre kart med kommunegrenser

I vedtak frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 28. juni 2019, skriv departementet at «*før man går inn i vurderinger av historiske dokumenter, må ein vurdere om inndelingslova § 7 gir hjemmel til å foreta fastsetting av en kommunegrense der gjeldende grense er basert på angivelige feil, unøyaktigheter eller misoppfatninger langt tilbake i tid*». Departementet påpeikar at gamle dokument ofte kunne vere uklare eller tvetydige, og at det derfor ofte kan vere eit usikkert grunnlag for å endra på dagens realitetar og grenser. I Rundskriv til inndelingslova pkt. 2.5.3, står følgande når det gjeld kart: "Dersom det finst fleire kart av ulik dato og kvalitet, vil eit nyare kart med ei meir nøyaktig oppteikna grense, ofte gå framfor eit eldre kart der grensa er meir omtentleg fastsett."

Øystre Slidre viser til at dei gamle karta frå 1891 viser ei kommunegrense som følgjer eigedommen for dei aktuelle teigane. Vang meiner på si side at karta ikkje følgjer eigedomsgrensene, og at dette ikkje kan vurderast som gjeldande grense. Vang viser til at kjeldegrunnlaget for grensene i dei gamle karta varierer og at dei nye karta har eit betre grunnlag og er av betre kvalitet. Statsforvaltaren meiner at sjølv om Økonomisk kartverk er av betre kvalitet enn dei eldre karta, er dette av mindre betydning då føremålet med Økonomisk kartverk var eigedomsgrensene og ikkje eit oppdatert grunnlag for å få detaljerte kommunegrenser.

Statsforvaltaren viser til at Kartverket sitt kart frå 1891 hadde lagt til grunn grenseopp-teikninga som blei gitt frå kommunane i etterkant av den kongelege resolusjonen. Kommunegrensa for området blei deretter godkjend av kommunane.

Det er ingen tvil om at det har vore usemje om eigedomsgrenser i området. Vår vurdering er at dei uavklarte eigedomsgrensene i området kan være grunn til at også kommunegrensa vart oppfatta som uklar for dette aktuelle arealet og dermed ikkje var teikna inn i karta frå Kartverket i perioden 1917-1980. Statsforvaltaren meiner at det ikkje er avgjerande at kommunegrensa som

er teikna i 1891 ikkje samsvarer nøyaktig med dagens eigedomsgrenser. Dagens kart for eigedomsgrenser og dei gamle karta med kommunegrenser er av heilt ulik kvalitet og målstokk.

Statsforvaltaren har ikkje funne dokumentasjon for alternativet der kommunegrensa følgjer elva Rauddøla, og kan ikkje sjå at det er noko rettsleg grunnlag som støtter at kommunegrensa skal følgje elva.

7.2 Den vanlege oppfatninga blant innbyggjarane

Saker om grensefastsetjing går ut på å finne grensa der den etter alt å dømme går, og ikkje som i saker om grenseendring å avgjere kvar grensa bør gå. Det går fram av

Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) pkt. 5.4.5: "Saker om grensefastsetjing går ut på å finne grensa der den etter alt å dømme går, og ikkje som i saker om grenseendring å avgjere kvar grensa bør gå."

Innbyggjarane si meining vil sjeldan vere eit sentralt moment." Dette kjem òg fram av Rundskriv til inndelingslova pkt. 2.5.1.

Grunneigarane meiner at dei to teigane ligg i Øystre Slidre kommune. Grensa omfattar ikkje andre innbyggjarar enn desse grunneigarane. Kva som er den vanlege oppfatninga av grensa blant andre innbyggjarar i kommunen elles, kjem ikkje fram av dei dokumenta Statsforvaltaren har sett. Statsforvaltaren legg ikkje vekt på oppfatninga blant innbyggjarane i den samla vurderinga av saka.

7.3 Private eigedomsgrenser og rettsavgjelder om slike

Etter gjeldande praksis skal kommunegrensene følgje dei private eigedomsgrensene, slik at ein eigendom ikkje blir delt på fleire kommunar. Det vises til NOU 1988:16 s. 61-62:

"Etter utvalet sitt syn bør ein byggja på samanhengen mellom dei private eigedomsgrensene og kommunegrensene så langt grunnen er underlagt privat eigedomsrett. Det ville vera uheldig dersom ein eigedom måtte delast i to eller fleire matrikuleringseiningar fordi den vart liggjande i ulike kommunar. Dei reglane som gjeld for grannegrenser mellom eigedomar vert såleis avgjerande for kommunegrensene, så langt desse fylger eigedomsgrensene."

Statsforvaltaren legg vekt på at eigedomsgrenser, eigarar og rettar er avklara i jordskiftesakar i etterkant av den kongelege resolusjonen frå 1881. Det er no klart kvar eigedomsgrensa til desse teigane går og dette kjem fram på dagens kart. Det er dermed naturleg at kommunegrensa frå dei gamle karta ikkje samsvarar med dagens eigedomsgrenser. At grenseskildringa i etterkant av resolusjonen tek svingen sør og vest for elva i dette området, taler for at desse teigane blei lagt til Øystre Slidre og at kommunegrensa følgde eigedomsgrensene frå den tida.

Ei kommunegrense som følgjer eigedomsgrensene til teigane, i staden for at ho går i elva, påverkar ikkje andre grunneigarar.

7.4 Bruksrettar

Kartverket tilrår at ein vurderer om grunneigar på Lykkja hadde bruksrett eller eigedomsrett då den kongelege resolusjonen blei vedtatt i 1881, og om området vart definert som ein del av grensejusteringsområdet eller ikkje. Statsforvaltaren har ikkje sett på eigedomsretten for eigedomane bak i tid. Statsforvaltaren vil vere varsam med å vurdera mogelege feil og unøyaktigheiter for dokumenter langt tilbake i tid i ei slik sak. Statsforvaltaren legg i staden vekt på karta som blei utarbeida i etterkant av den kongelege resolusjonen.

7.5 Kommunal økonomiske tilhøve

Sjølv om det er knytt kommunaløkonomiske interesser til det aktuelle området, vil slike tilhøve likevel ikkje ha relevans i ei fastsetjingssak. Statsforvaltaren legg ikkje vekt på opplysningane om at det er kraftinntekter frå elva der grensa no er teikna.

8. Samla vurdering

Statsforvaltaren har ikkje funne noko rettsleg grunnlag som opphevar den kongelege resolusjonen av 1881. Statsforvaltaren legg stor vekt på at kommunegrensa på dei offisielle karta i åra etter den kongelege resolusjonen var avklart med kommunane og grunneigarane. På desse karta var kommunegrensa lagt vest og sør for elva og omfattar området for dei to teigane.

Statsforvaltaren legg vidare vekt på at vi ikkje har funne rettslege avgjerder eller anna dokumentasjon som skildrar ei kommunegrense som følgjer elva i det aktuelle området slik ho no ligg i dagens felles kartdatabase (FKB). Vår oppfatning er at grensa i dagens kartdatabase er teikna inn etter naturleg grenseforløp og ikkje etter det rettslege grunnlaget for denne strekninga.

Alle partar er einige om eigedomsgrensene, eigalarar og rettar for teigane. Eigedomsgrensene er avklara i seinare tid, og det er derfor ikkje slik at kommunegrensa i dei eldste karta samsvarar med dagens eigedomsgrensene. Ei kommunegrense som følgjer eigedomsgrensene til teigane sør og vest for elva, følgjer prinsippet om at kommunegrensene skal følgje dei private eigedomsgrensene, slik at ein og same eigedom ikkje blir delt på fleire kommunar.

Etter ei samla vurdering av avteikna kommunegrenser i dei offisielle karta og rettsgrunnlaget for å avgjere saken, fastset Statsforvaltaren at kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang kommune følgjer eigedomsgrensene til teigane sør og vest for Rauddøla.

Statsforvaltarens vedtak etter inndelingslova § 7 er ikkje et enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b da fastsetjing av ei grense ikkje gjeld rettane og pliktane til ein eller fleire bestemte personar, jf. Ot .prp. nr. 41 pkt. 5.1. Det er derfor ikkje klagerett etter forvaltningslova § 28 første ledd på vedtak om grensefastsetjing . Vedtaket er derfor endeleg og kan ikkje klagast på.

9. Konklusjon

Statsforvaltaren har på eige initiativ gjort ei utgreiing for å fastsetje den ukjære og omstridde kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang. Statsforvaltaren skal i fastsetjingssaker avgjere kvar grensa reint faktisk går, ikkje kvar ho bør ligge.

Statsforvaltaren legg til grunn at kommunegrensa slik den er teikna i historiske kart frå 1891 følgjer opp den kongelege resolusjonen frå 1881 og tolkast som den rettsleg gjeldande grensa. Statsforvaltaren legg vekt på at grensa blei teikna inn på bakgrunn av det som blei meldt inn av grunneigarane i etterkant av den kongelege resolusjon i 1881 og godkjend av begge kommunar i etterkant. Kartgrunnlaget er gammalt og grensa må derfor tilpassast dagens eigedomsgrensene for teigane. Statsforvaltaren fastset at kommunegrensa mellom Øystre Slidre og Vang kommune følgjer eigedomsgrensene til teigane sør og vest for Rauddøla.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på.